



Arkivnr: 2014/1230-174
Saksbehandlar: Lise Fauskanger Ådlandsvik

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland		21.02.2017

Søknad om tilskot til lokale trafikksikringsarrangement - 1. januar 2017**Samandrag**

Det er sett av 680.000 kr til tilskotsordninga til lokale trafikksikringsarrangement i 2017. Midlane skal nyttast til gjennomføring av trafikksikringsarrangement som er tufta på lokale initiativ, det vil seie trafikantretta tiltak (ikkje fysiske tiltak). Tilskotet er meint å vere ei støtte for å sikre høg trafikkfagleg kvalitet på tiltaket. Det er eit viktig prinsipp at Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) skal kunne vere ein bidragsytar ved lokale initiativ der haldningsskapande trafikksikringsarbeid vert sett på dagsorden.

Søknadsfristane for tilskotsordninga lokale trafikksikringsarrangement er i 2017 er sett til 1. januar, 1. juni og 1. november. Innan fristen 1. januar kom det inn 13 søknader, med ein søknadssum på totalt 635.570 kr.

Forslag til vedtak

Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) fordeler tilskotsordning av 1. januar 2017 til lokale trafikksikringsarrangement slik;

	Søklar	Søknadssum	Tilskot
a	Bømlo kommune	26 000	26 000
b	FAU Alversund skule	15 000	8 000
c	FAU/Fridalen skole	61 198	40 000
d	FAU Kleppe skole	5 000	5 000
e	Fitjar frivilligsentral	27 500	27 500
f	Hanøy Forum barnehage/Askøy kom.	29 292	29 292
g	Kvinnherad vgs	70 500	25 000
h	Nordbygdo ungdomsskule/Stord kom.	35 000	35 000
i	Odda vgs	5 000	5 000
j	Stiftelsen Norsk Luftambulanse	100 000	95 000
k	Trafikkfagleg samarbeidsutval (TSU)	100 000	75 000
l	Vaksdal kommune	133 080	100 000
m	Vaksdal kommune	28 000	28 000

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Søknadsskjema 2017. Tilskot til lokale trafikksikringsarrangement
- 2 SOKNADSSKJEMA-2017
- 3 Søknadsskjema FTU 2016. Russearrangement
- 4 Tilskot til lokale trafikksikringsarrangement - søknad om tilskot (FTU) - ref.2014_1230
- 5 2017 søknad tilskudd lokale trafikksikringsarrangement
- 6 sykkelprøven 2017
- 7 Søknad januar2017. Tilskot til lokale trafikksikringsarrangement - alle barn sykklar
- 8 nr 1 soknadsskjema-2017.-tilskot-til-lokale-trafikksikringsarrangement siste utkast
- 9 Tilskot til lokale trafikksikringsarrangement_søknad om tillskot (FTU)_ref.2014_1230
- 10 Søknad tilskot til trafikktryggleiksarbeid(1)
- 11 soknadsskjema-2017.-tilskot-til-lokale-trafikksikringsarrangement
- 12 Søknad - Tilskot til lokale trafikksikringsarrangement
- 13 Søknadsskjema 2017. Tilskot til lokale trafikksikringsarrangement (002)
- 14 hordaland-20150611_000_00_00_012
- 15 Ts-arrangement 2015 - ingen å miste
- 16 Prosjektplan holdningsskapande trafikksikkerheitsarbeid 2016(1)

Fylkesrådmannen, 17.01.2017**Bakgrunn**

Det er sett av 680.000 kr til tilskotsordninga til lokale trafikksikringsarrangement i 2017. Midlane skal nyttast til gjennomføring av trafikksikringsarrangement som er tufta på lokale initiativ, det vil seie trafikantretta tiltak (ikkje fysiske tiltak). Tilskotet er meint å vere ei støtte for å sikre høg trafikkfagleg kvalitet på tiltaket. Det er eit viktig prinsipp at Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) skal kunne vere ein bidragsytar ved lokale initiativ der haldningsskapande trafikksikringsarbeid vert sett på dagsorden.

Søknadsfristane for tilskotsordninga lokale trafikksikringsarrangement er i 2017 er sett til 1. januar, 1. juni og 1. november. Innan fristen 1. januar kom det inn 13 søknader, med ein søknadssum på totalt 635.570 kr.

Det har over mange år vore dei same arrangementa som har søkt om tilskot, - noko som er positiv med tanke på lokalt initiativ og interesse, men samstundes er det viktig å ha krav til innhaldet i programmet, og sikre fokus på trafikksikringsdelen. I 2017 er det og kome til fleire nye søknader, og det kan difor synast som om ordninga er meir kjend. Annonse om tilskotsordninga gjekk ut til 16 lokalaviser i desember 2016. Ein oversikt over tildelte tilskotsmidlar gjennom denne ordninga viser følgjande:

2011: 11 søknader
 2012: 16 søknader
 2013: 15 søknader
 2014: 18 søknader
 2015: 18 søknader
 2016: 20 søknader

Kriteria for tilskotsordninga

- Søknadsfrist to gongar i året. Det må søkjast på eige skjema.
- Utbetalinga skjer i etterkant av at rapporteringsskjema inkl. rekneskap er motteke.
- Arrangement med ei kostnadsrøme på over 30.000 kr har krav om ein eigenandel på minimum 25%.
- Personalkostnader/eigeninnsats kan vere ein del av eigenandelen. Eigeninnsatsen (timar) må synleggjerast.
- Rett til å søkje: Kommunar, skular, barnehagar, lag/foreningar/organisasjonar.
- Tilskotmidlane ikkje kan dekke administrative kostnader og andre driftsutgifter.

Oversikt over søknadane av 1. januar 2017

	Søkjjar	Type arr.	Søknadssum	Totalkostnad	Krav om eigenandel
a	Bømlo kommune	Alle barn sykklar	26 000	26 000	
b	FAU Alversund skule	Gå/sykkel	15 000	15 000	
c	FAU/Fridalen skole	Sykkel	61 198	83 198	X
d	FAU Kleppe skole	Gå/sykkel	5 000	5 000	
e	Fitjar frivilligsentral	TS-dag	27 500	62 500	X
f	Hanøy Forum bhg/Askøy kommune	Sykkel og ts	29 292	32 292	X
g	Kvinnherad vgs	TS-dag	70 500	93 500	X
h	Nordbygdo ungdomsskule/Stord kom.	TS-dag	35 000	50 000	X
i	Odda vgs	TS-dag	5 000	10 000	
j	Stiftelsen Norsk Luftambulanse	TS-dag	100 000	130 000	X
k	Trafikkfagleg samarbeidsutval (TSU)	TS-dag	100 000	220 000	X
l	Vaksdal kommune	TS-dag	133 080	177 440	X
m	Vaksdal kommune, bhg	Teater om ts	28 000	28 000	
	Totalt		635 570	932 930	

Om søknadane til lokale trafikksikringsarrangement

Som tabellen over viser så er dei 13 søknadane svært ulike både i fokus, omfang og kostnader. Tilskotet det vert søkt om varierer mellom 5.000 kr og 133.080 kr. Gjennom ei grovfordeling kan ein seie at fire av tiltaka rettar seg mot skuleborn i regi av foreldreutval (FAU)/skule (a, b, c, d), medan sju av tiltaka rettar seg mot elevar i ungdomsskulen og den vidaregåande skulen (e, g, h, i, j, k, l). Dernest er det to tiltak som er retta mot barnehagar (f, m).

Fleire av arrangementa er tverrfaglege, og er i ei særleg grad eit samarbeid mellom blålysetatane; Politi, ambulanse og brann/redning. Ikkje minst gjeld dette trafikksikringsdagane for ungdomsskulen og dei vidaregåande skulane.

a. Bømlo kommune

Bømlo kommune v/ Våge barneskule og Hillestveit barne- og ungdomsskule søker om 26 000 kr til Alle barn sykklar i 5. trinn. Ein klasse på kvar av skulane. Totalkostnaden er 26 000 kr. Dette er eit tiltak for å få flest mogleg auka mestring til å nytte sykkel i kvardagen, og er kopla til Bergen 2017 sitt Alle barn sykler. Bømlo kommune er i prosess for å verte godkjent som Trafikksikker kommune, og skulane som det her vert søkt for arbeidet med godkjenning som Trafikksikker skule. Det er viktig å merke seg at Bergen 2017 v/ Alle barn sykler også søker om midlar der Bømlo er ein kommunane det vert arbeidd med, men Alle barn sykler kan vere med å gje inspirasjon inn i arbeidet med å setje trafikkopplæring i system. I tillegg til å sikre kompetanseoverføring til lærarar. Kompetanseheving er føremonn med tanke på trafikkopplæring i skulen. Det er viktig at FTU ikkje tildeler tilskot same arrangement gjennom to ulike ordningar. Tilskotssummen skal gå til å gjennomføre tiltaket. Søkjaren er ny av året. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 26 000 kr.

b. FAU Alversund skule

FAU Alversund skule søker om tilskot på 15 000 kr til gå-/sykkelaksjon. Totalkostnaden for arrangementet er 15 000 kr. Dette er eit tiltak for å få flest mogleg til å gå/sykle til skulen i mai/juni 2017. Skulen har omlag 370 elevar. Tilskotsmidlane skal utelukkande gå til premiering. Søkjaren vart både i 2015 og 2016 tildelt 5 000 kr til same arrangement. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 8 000 kr.

c. FAU/Fridalen skole

Fridalen skole, i samarbeid med FAU, søker om tilskot på 61 298 kr til sykkeldag. Totalkostnaden for arrangementet er 61 198 kr. Dette er eit tiltak for å auke sykkelferdigheter og sykkelteori med tanke på sykkelprøven 2017. Tilskotsmidlane skal gå til trafikkopplæringspakkar, utstyr og premiar, i tillegg til 15 utlånssyklar. Skulen fekk hausten 2016 etablert ei Hjertesone rundt skulen, og er med det ein føregangsskule i Hordaland. Både skulen og FAU har vore aktive for å få dette til. Søkjaren er ny av året. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 40 000 kr.

d. FAU Kleppe skole

FAU Kleppe skole søker om tilskot på 5 000 kr til refleksaksjon, gåaksjon og sykkelopplæring. Totalkostnaden for arrangementet er 6 000 kr. Dei ulike tiltaka skal vere med på å setje fokus på trafikksikring både for elevar og føresette, og skal skje mellom februar - mai. Skulen har omlag 330 elevar. Tilskotsmidlane skal utelukkande gå til premiering. Søkjaren var i 2016 tildelt 5 000 kr til same arrangement. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 5 000 kr.

e. Fitjar frivilligsentral

Fitjar frivilligsentral søker om tilskot på 27 500 kr. Totalkostnaden for arrangementet er 62 500 kr. Dette er eit lokalt tverrfagleg trafikksikringsarrangement for 9., 10. klasse samt alle elevar i vidaregåande skulen. Søkjaren vart i 2015 tildelt 23 000 kr til same arrangement. Det vart ikkje søkt om midlar i 2016. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 27 500 kr.

f. Hanøy Forum barnehage/Askøy kommune

Hanøy Forum barnehage søker om tilskot på 29 292 kr til trafikk- og sykkeldagar i barnehagen. Totalkostnaden for arrangementet er 32 292 kr. Barnehagen vil ha eit særleg fokus på å mestre sykling og å lære trafikkutstyr og trafikkreglar. Barnehagen bruker Trygg Trafikk sitt barnehagemateriell, og treng å fornye dette. Søkjaren er ny av året. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 29 292 kr.

g. Kvinnherad vgs

Kvinnherad vidaregåande skule søker om tilskot på 70 500 kr til ein trafikksikringsdag. Totalkostnaden for arrangementet er 93 500 kr. Dette er eit lokalt tverrfagleg trafikksikringsarrangement elevane i

vidaregåande skulen. Målgruppa er 200 elevar i alderen 16-17 år. Søkjaren vart i både i 2015 og 2016 tildelt 25 000 kr til same arrangement. Framstår i nokon grad meir som eit beredskapsarrangement, enn eit trafikksikringsarrangement, mellom anna ved at dei skal kjøpe inn hjartestartar (mobil). Høge kostander til innkjøp av utstyr samanlikna med tilsvarande arrangement. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 25 000 kr.

h. Nordbygdo ungdomsskule/Alle ungdomsskulane i Stord kommune

Nordbygdo ungdomsskule i Stord kommune søker på vegne av alle tre ungdomsskulane i kommunen om tilskot på 35 000 kr til ein temadag om trafikk for alle 10. klassingar i kommunen, totalt 300 elevar. Totalkostnaden for arrangementet er 50 000 kr. Ut frå søknaden synes temadagen å vere lagt opp noko tilsvarande trafikksikringsdagane for dei vidaregåande skulane. Tilskotet skal gå til busstransport for elevane. Tilsvarande arrangement i Stord kommune fekk tilskot på 25 000 kr i 2016. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 35 000 kr.

i. Odda vgs

Odda vidaregåande skule søker om tilskot på 5 000 kr. Totalkostnaden for arrangementet er 10 000 kr. Dette er eit tverrfagleg trafikksikringsarrangement for elevane ved 1. trinn i den vidaregåande skulen. Skulen har totalt 300 elevar. Søkjaren vart i 2015 tildelt 5 000 kr til same arrangement. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 5 000 kr.

j. Stiftelsen Norsk Luftambulans

Stiftelsen Norsk Luftambulans søker om tilskot på 100 000 kr. Totalkostnaden for arrangementet er 130 000 kr. Dette er eit årleg trafikksikringsarrangement for russen i Grieghallen, med rundt 2500-3000 elevar. Tradisjonsrikt, godt tiltak for viktig målgruppe. Søkjaren vart i 2014, i samband med fylkesrådmannen si handsaming av saka, oppmodar om at fleire bidragsytarar enn FTU og Bergen kommune burde delta på dette store arrangementet. Søkjaren vart både i 2015 og 2016 tildelt 90 000 kr til same arrangement. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 95 000 kr.

k. Trafikkfagleg samarbeidsutval (TSU)

TSU Nordhordland søker om tilskot på 100 000 kr. Totalkostnaden for arrangementet er 220 000 kr. Dette er eit årleg, tverrfagleg trafikksikringsarrangement for avgangselevane i vidaregåande og folkehøgskulane i Nordhordlandsregionen. Omlag 500-600 elevar deltek. Søkjaren vart i 2015 tildelt 58 000 kr, og i 2016 var dei tildelt 75 000 kr, til same arrangement. Årets arrangement er tilsvarande tidlegare år. Samanlikna med liknande arrangement er søknadssummen noko høg. Søkjar oppgjev ei auke på nokre av postane i høve til 2015, og har i tillegg innleige av ekstramannskap som ein ny post av året. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 75 000 kr.

l. Vaksdal kommune (TS-dag)

Vaksdal kommune søker om tilskot på totalt 133 080 kr. Totalkostnaden for arrangementet er 177 440 kr. Dette er eit trafikksikringsarrangement kvart andre år i samband med Daledagane, der målgruppa er ungdom i 10.-klasse og eldre. Arrangementet skal også i etterkant ha ei «debriefing» og oppsummering i yngre og eldre ungdomsgrupper, samt foreldregruppe. Søkjaren vart i 2015 tildelt 100 000 til same arrangementet. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 100 000 kr.

m. Vaksdal kommune (bhg)

Vaksdal kommune søker om tilskot på totalt 28 000 kr. Totalkostnaden for arrangementet er 28 000 kr. Dette er ei ny, årleg teaterframsyning for barnehagane i Vaksdal. Midlane skal gå til å få produsert ei teaterframsyning, og gjennomføre desse. Søkjaren er ny av året. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 28 000 kr.

Fylkesrådmannen sine kommentarar

Det er eit stort lokalt fokus på haldningsskapande trafikksikringsarbeid i Hordaland. Fylkesrådmannen ser at det over mange år vore dei same arrangementa som har søkt om tilskot, - noko som er positiv med tanke på lokalt initiativ og interesse, men samstundes er det viktig å ha krav til innhaldet i programmet, og sikre fokus på trafikksikringsdelen. Om eit arrangement har motteke støtte eit år, så set det likevel krav til innhaldet og fokuset i arrangementet for å kunne motta støtte seinare år.

Fylkesrådmannen ser det som svært positivt at det har kome inn søknader frå alle delane av fylket, og at det for kvart år er fleire nye søkjarar. Det kan difor synast som om tilskotsordninga har vorte betre kjend.

Den store variasjonen i type arrangement gjer det utfordrande å vurdere *kvaliteten* på trafikksikringsdelen i tiltaket. Haldningsskapande trafikksikringsarbeid er eit kontinuerleg arbeid, som ikkje kan målast i konkrete effektar av tiltaket. Dette er det viktig å ha med seg inni vurderinga av søknadane. Grunnlaget for fylkesrådmannen si vurdering av søknadane er at tilskotet som vert gjeve skal vere ei støtte for å sikre høg trafikkfagleg kvalitet på arrangementet. Vidare gjev kriteriet om at tilskotet ikkje kan nyttast til administrative kostnader og andre driftsutgifter føringar for tilskotssummen. Med det forstår ein at midlane frå FTU i fyrste omgang skal nyttast til den trafikkfaglege delen, og i mindre grad til det andre delar av arrangementet, slik som for eksempel til mat/drikke og marknadsføring. Vidare vurderer fylkesrådmannen det også slik at det er grunnlag for å vere noko tilbakehalden med at mindre arrangement skal få store midlar til premiering og større innkjøp av materiell. Etter fylkesrådmannen sitt syn må også talet på deltakarar sjåast i samanheng med storleiken på tilskotssummen. I fylkesrådmannen si vurdering har ein i særleg grad sett same type arrangement under eitt. Eit eksempel på dette er dei ulike trafikksikringsdagane for den vidaregåande skulen.

Fylkesrådmannen har i si handsaming av søknadane av 1. januar 2017 vurdert kvar søknad for seg, men har sett tilsvarende arrangement i samanheng.

Fylkesrådmannen rår til at alle 13 søkjarane vert tildelt tilskot, med ein total tilskotsum på 498 792 kr.